

## Kongebesøk i Vindafjord 30. mai 2024 – ordfører Ole Johan Vierdal sin tale

Hjarteleg velkommen til Vindafjord Dykkar Majesteter, Stortingsrepresentantar, Statsforvaltar, Politimeister og ærede gjester.

Det er ei stor ære for meg som ordfører i Vindafjord å få lov til å ta i mot Dykkar Majesteter på offisielt besøk for første gong her i vakre Vindafjord.

Det er vanleg folkeskikk at vist du har blir invitert heim til nokon så invitere du dei tilbake heim til deg.

Eg blei invitert på besøk til slottet i 2014 til Grunnlovsjubileumet, så heilt frå den dagen har eg tenkt at ein gjensitt heim til Vindafjord må me få til, i dag er dagen her og ein flottare ramme rundt Kongebesøket kunne ein knapt fått til, her er jo reine 17. mai stemning, og nok ein dag ingen i Vindafjord vil gløyme.

Den dagen i 2014 på slottet blei me godt mottatt og heile kongehuset stod og tok imot oss og handhelste på alle ordførarane i heile Norge, det er neste som eg syntest litt synd på Dykkar Majesteter då, så måtte helse på så mange ordførarar, og dette seie ein Senterparti ordfører.

Eg veit at det er eit godt program den neste timen, vist ein skulle hatt med noko anna måtte det blitt å tatt Dronninga med på ein av dei mange flotte fjelltoppane me har her i Vindafjord, for eksempel Gråhorgjo 740m.o.h, der ein skal kunne sjå 7 prestegjeld frå toppen.

Kongen kunne gjerne tenkt seg å prøvd laksefiske i Vikedalselva, men den opnar ikkje før om nokre dagar så det får ein ha til gode til neste besøk.

Kommunen har eit svært samansett næringsliv, hovudsakeleg basert på industri, teknologi og landbruk.

Vindafjord er 4-5 største landbrukskommune i landet, det er berre Hå, Time, Klepp, Sandnes og nå kanskje Stavanger i visse målepunkt etter samanslåinga.

Vindafjord er einaste kommune som har to store slakteri, Nortura i Sandeid og Fatland her i Ølen, Norges største privat eigde slakteri.

Industrien kan ein berre sjå seg rundt her i Ølsfjorden så ser ein den og all den aktiviteten den skape.

Vindafjord består av 9 bygder, der Ølen er kommunesenteret, me pleie sei at me har 9 av alt i kommunen men me har berre 8 kyrker.


Nye Vindafjord er ikkje gammal den oppstod i 2006 då Vindafjord og Ølen slo seg saman, som konferansier og tidlegare ordfører i Vindafjord fortalte om, her var også Vindafjord først ute, før kommunereforma var påbegynt.



Vindafjord er ikkje ein A- typisk distriktskommune, det er nok mange andre kommunar som misunner oss det rike næringslivet som er her i Vindafjord og kva dei har fått til.

Vindafjord er sentralt plassert på Haugalandet midt mellom Bergen og Stavanger med E 134 gjennom heile kommunen, stort sjøareal både til Ryfylkebassenget og som her i Sunnhordlandsbassenget.

Eg trur eg har heile Vindafjord med meg på at dette er stort å få Kongen og Dronninga på besøk her til Vindafjord, så hjarteleg takk for at de tok turen til oss i Vindafjord, så gi kongeparet ein stor applaus 😊





VINDAFJORD  
KOMMUNE

